



Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900

5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

23 DES 2013

Vår ref.
12/180-173/N-000//JONE

Dykkar ref.

Dato:
18.12.2013

Trafikksikringsplan for Hordaland 2014 -2017 -uttale i frå Kvam herad

Viser til «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017». Heradsstyret i Kvam har handsama saka (HST-sak 102/13) i møte den 17.12.2013 og gjort fylgjande einstemmig vedtak;

Pkt 1

Kvam herad er svært nøgde med at dert vert lagt fram ein eigen handlingsplan for trafikksikring i Hordaland for perioden 2013 – 2017

Pkt 2

Kvam herad vil samstundes understreka at det burde ha vore bevilga meir midlar til trafikksikringsarbeidet i denne planen.

Pkt 3

Det må vera ei gjennomgåande satsing i handlingsplanen på aldersgruppa 16 til 24 år, då denne gruppa er svært utsett for alvorlege ulukker og drepte i trafikken. Dette gjeld både opplæring, haldningskapande arbeid og konkrete tiltak.

Pkt 4

Planen må også satse endå sterkare på opplæring og tiltak av dei yngste skuleborna og deira foreldre, slik at skuleborn kan sykle og gå til skulen på ein trygg og god måte.

Pkt 5

Planen må også peike på gjennomsnittsmålingar som eit tiltak ulukkesutsette strekningar.

Pkt 6

Kvam herad ber også om at strekkja Odland – Lidarende vert tatt inn som eit konkret trafikksikringstiltak i handlingsplanen for perioden 2014- 2017

Uttalen vert sendt med atterhald om godkjent møteprotokoll.

Med helsing

Jon Nedkvitne
Samfunns- og utviklingssjef

Vedlegg, HST-sak 102/13